

Avtale om bruk av nettbrett som folkevald i Sunnfjord kommune

Eg har fått utdelt eit nettbrett med omslag og ladar til bruk i førebuing og møteverksemd i samband med vervet som folkevald i Sunnfjord kommune.

Utstyret er Sunnfjord kommune sin eigedom og eg disponerer utstyret i den tida eg er folkevald i kommunen. Eg pliktar å ta vare på utstyret, på ein slik måte at det ikkje vert øydelagt eller kjem på avvege.

Eg pliktar å oppbevare påloggingsinformasjon (brukarnamn, passord, pinkodar) som blir brukt i arbeidet mitt som folkevald på ein trygg måte slik at det ikkje kjem uvedkommande i hende.

Eg har gjort meg kjend med reglane om bruk av nettbrett som folkevald i Sunnfjord kommune som er trykt på neste side, og som eg har fått kopi av.

Eg ynskjer å vere med på å effektivisere Sunnfjord kommune si politiske møteverksemd og eg vil gjere mitt til at rutinane rundt denne løysinga skal fungere så godt som råd.

Dato:

Namn

Reglar om bruk av nettbrett som folkevald i Sunnfjord kommune

Eg tar med lada nettbrett til møte i folkevalde organ. Eg er kjend med at eg finn møteinnkalling og saksdokument på [møteportalen for folkevalde](#) og på møteplanen på kommunen si nettside.

Eg pliktar å ta ansvar for eigne brukarnamn, passord og pinkodar inkludert AppleID.

Eg skal alltid sikre iPaden med ein personleg pinkode. Eg veit at dersom nokon får tilgang til iPaden medan den er pålogga eller får tilgang til pinkoden, så har dei tilgang til å gjere alt eg kan og sjå alt eg ser. Det betyr at dei også har tilgang til alle mine e-postar på dei kontoane som er kopla opp på nettbrettet.

Eg veit at iPaden er sett opp til automatisk å lagre sikkerheitskopi av data på iCloud. Dette omfattar ikkje e-postane som ligg på iPaden.

Eg veit at eg må skifte passord på e-postkontoen min i kommunen med jamne mellomrom. Eg er varsam med kva eg brukar den kommunale politikar-e-postadressa til.

Eg skal ikkje utveksle sensitive personopplysningar eller andre opplysningar av fortruleg karakter over internett t.d. ved å bruke e-post eller via sosiale media.

Eg skal ikkje nytte iPaden til å sjå på/laste ned pornografisk, valds- og rasistisk prega materiale eller anna materiale som kan verke usømeleg eller forbode i høve til norsk lov.

Eg veit at dersom eg lastar ned og installerer andre program på iPaden, skjer dette på eige ansvar.

Dersom eg mister eller øydelegg utstyret, melder eg frå til politisk sekretariat snarast råd. Dersom eg mister ladar er eg i utgangspunktet ansvarleg for å skaffe ny sjølv. Ved tap eller skade på iPaden vil ein i kvart einskild tilfelle vurdere korleis det skal handterast.

Om eg treng hjelp kan eg ta kontakt med Sunnfjord kommune, politisk sekretariat kl. 08.00–15.30, frå måndag til fredag.

Innlevering av iPad

Når eg ikkje lenger skal delta i møteverksemd og møteførebuing som folkevald i Sunnfjord kommune, pliktar eg å levere inn nettbrettet. Det skal då vere tømd for personleg informasjon.

Eg veit at dersom eg sluttar som folkevald, vil e-postadressa og alt innhald knytt til den kommunale politikar e-postkontoen bli sletta.

Ved opphøyr av utlånet kan eg, om eg ynskjer det kjøpe utstyret til privat bruk for nedskrivne verdi på utkjøpstidspunktet. Nedskrivningstida er sett til 4 år, ein valperiode.

Dersom eg ynskjer å behalde AppleID og eventuelle applikasjonar som eg har lasta ned etter at eg sluttar som folkevald, er eg ansvarleg for å endre e-postadressa mi på min AppleID før den kommunale politikar e-postadressa blir sletta.